

* Jordbruksoppgjøret 2016

Aukande utgifter til jordleige blir ikkje ført som ein **kostnad** for jordbruket. – Gir feil bilete av bondeinntekta, ifølgje kritikkar.

Går hardt ut mot anslag på bondeinntekt

Vekst i bruka av leigejord og stadig aukande leigepriis fører til at tala som ligg til grunn for jordbruksoppgjøret blir stadig meir misvisande, ifølgje kritikkar.

Grunnen er at utgiftene som bondene har til jordleige ikkje blir ført som ein kostnad for jordbruket i den såkalla totalkalkylen, som blir brukt til å vise inntektsutviklinga i sektoren.

Ifølgje landbruksøkonomen John Lilleborge er teknologi drivaren bak utviklinga medan regjeringas eigen landbrukspolitikk bidreg til å forsterke problemet.

– Utviklinga fører til at grunnlagstala i stadig mindre grad gir eit rett bilete av inntekta til den aktive bonden. Feilen er stor og aukande. Fjerninga av fleire tilskotsrask kan bidra til å auke leigejordprisane og samtidig ønsker regjeringa seg større bruk. Det fører til meir jordleige og større utgifter. Då er det heilt ulogisk at jordleige ikkje blir ført som ein kostnad, seier Lilleborge, som er leiar for Kornbøn-

denes interesseorganisasjon (KIO).

Kraftig auke i leigepriis

Priisane på leigejord har gått kraftig opp dei siste åra, men Budsjettmemora for jordbruket (BFJ) har ikkje rekna på totalbeløpet som går til jordleige. Ulike anslag dei siste åra varierer frå ein halv til nærare ein milliard kroner.

I jordbruksoppgjøret 2014, som enda med brot, fekk regjeringa gjennomslag for utføring av arealtilskota og vridning av arealtilskota og vridning av arealtilskota i retning dei aller største brukarar. Fleire landbruksforskarar varsla det truleg ville gi hopp i priisane på leigejord i sentrale strøk.

Tal frå jordleigeundersøkinga til Landbruksdirektoratet i fjor viste ein prisvekst på 4,3 prosent for jord til korn og 4,2 prosent for jord til grønnsaker på landsbasis frå 2014 til 2015. Prisveksten for leigejord til grasdyrking var ifølgje undersøkinga på 3,8 prosent.

Undersøkinga viser store forskjellar i både prisnivå og prisvekst mellom ulike regionar. Klart størst vekst var det i Rogaland, der leigepriisen for god jord på eit år gjeldt opp med 49 prosent til grasproduksjon og med heile 99 prosent for jord til korn dyrking. Rogaland er også regionen med klart høgast prisnivå på leigejord der prisen per dekar ligg på opp mot 700 kroner målet for kornjord og på opp mot 1200 kroner målet for jord til grønnsaker.

– Går ut av næringa

Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at over 40 prosent av jordbruksarealet er leigd ut. Lilleborge reknar med at dei aller fleire eigarane av utleigejord har slutta med aktiv jordbruksdrift. Han meiner derfor at jordleiga må førast som ein kostnad.

– Det aller meste av jordleiga er for aktive bønder ein kostnad som går ut av næringa til ein utleigar. I dag blir jordleiga derimot ikkje ført som ein kostnad i totalkalkylen til Budsjettmemora. Det fører til at inntekta framstår som høgare enn det som er reelt. Stortinget må få vite kva som er den reelle inntekta til aktive bønder, om dei skal kunne leggje til rette for at den aktive bonden kan drive lønnsamt, seier Lilleborge.

Ansvarer ligg i Budsjettmemora for jordbruket, ifølgje Lilleborge, som meiner tala i oppgjøret gir inntrykk av at bondeinntekta ikkje ligg så langt etter andre grupper som ho reelt sett gjer.

– Dette er særleg aktuelt sidan vi har ei regjering som ønsker seg større bruk. Då må vi anta at det blir meir leigejord og at grunnlagstala fjernar seg stadig meir frå inntekta til den aktive bonden, seier han og viser til at KIO har sagt at jordbruket må bryte samarbeidet i Budsjettmemora om jordleige ikkje blir tatt med.

– Tilskot kan auke leigepriis

Landbruksforskar Ivar Pettersen ved Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) skriv at det er ein samanheng mellom arealtilskot og jordleigepriis, og at meir tilskot til ein region truleg vil føre til auka leigepriis i regionen.

Kollega Klaus Mittenzwei i NIBIO skriv at det ikkje er vanskeleg å påvise at «inntektsbegrepet» til BFJ ikkje er særleg dekkande for den «aktive» bonden. Han skriv at med meir leigejord blir spørsmålet stadig viktigare, men at det ser ut som avtalepartane ikkje har tatt konsekvensen av denne utviklinga.

BJARNE BEKKHEIEN AASE

bjarne.aase@nationen.no



Jordleige: Både priis og omfang på leige av jord vil auke framover, trur Livar Nedrebø.

Betalte 418.000

Leigeutgiftene til Livar Nedrebø var på 418.000 kroner i fjor. Han er kritisk til at utgiftene ikkje blir kostnadsført. – Bør vise inntekta til aktive bønder, seier han.

TIME. Grøne grasspirer strekker seg mot vårsola. Livar Nedrebø ser nøgd på resultatet. Våronna er ferdig for i år. Han er derimot langt frå nøgd med systemet for å rekne ut inntektsveksten til bondene i jordbruksoppgjøret.

– Det blir heilt feil når dei ikkje tek med leigeutgiftene. Det vil gi feil inntrykk av inntekta til bøn-

dene. Tala bør vise inntekta til aktive bønder. Det er vi som skal leve av dette, seier Nedrebø.

– Pengar ut av næringa


47-åringen har utvida og investert kraftig sidan han tok over garden i 2003. Han har 68 årskyr og disponerer ein mjølkekvote på 565.000 liter. I tillegg kjem 20 ammekyr,



SYSTEMKRITIKK

«Grunnlagstala fjernar seg stadig meir frå inntekta til den aktive bonden.»

JOHN LILLEBORGE,
LEIAR I KORNBØNDENES
INTERESSEORGANISASJON



Han er kritisk til at leigegjiftene ikkje blir trekt frå som ein kostnad sjølv om mykje pengar forsvinn ut av næringa.

FOTO: BJØRNE BEKKEHEIM AASE

kroner i leige for jord og kvote

100 sauer og han leverer 500 til 600 slaktegrisar i året. Sjølv eig han 300 mål dyrka jord og 250 mål beite, men behovet for jord og fôr er større. Samla utgifter til leige av jord og mjølkekvote i fjor kom på 418.000 kroner. 230.000 kroner var til jordleige.

– Det er mykje pengar som på den måten går rett ut av næringa, seier Nedrebø.

Tapte bodkamp

Leigepriisen for den dyrka jorda var på 600 kroner målet, men frå nyttår mista han avtalen på å leige 160 mål dyrka jord og 275 mål beite. Det var ein strek i rekninga.

JORDKAMP
«Prisen blei visst på opp mot 800 kroner målet for jord til grasdyrking.»

LIVAR NEDREBØ (47) BONDE MED KVR, SAUER OG GRISAR

– Ja, det var det, men eigaren står fritt til å gjere som han vil. Det blir derimot ikkje så lett å planlegge for framtida, seier han. Nedrebø jaktar nå på meir jord, men han seier det er stor rift om jorda i området. I vinter baud han

mykje kjøring, seier han.

Trur prisane vil stige

Nedrebø har mykje grovfôr på lager og ein avtale om å få kjøpe rundballane frå 120 mål jord. Han reknar med å klare seg greitt med litt mindre jord i år, men han vil gjerne ha meir jord på sikt. Leigepriisane trur han vil stige.

– Ja, for ikkje mange år sidan var det 500 kroner målet. Slik er det ikkje nå. Mange bygger store fjos for å tilfredsstille lausdriftskravet. Dei treng jord for å nytte fjøskapasiteten. Grønsaksbønder byr òg opp. Både omfanget av leigefjord og prisane vil nok stige fram til 2024, seier han.

Det same trur han gjeld kvoteprisane. Sjølv kjøpte han 225.000 liter i kvote i fjor. Prisen var på mellom 7,50 og 8,50 kroner literen.

– Nå blir kvotane selde for opp til over 11 kroner literen og vil høyre om leigepriis på over 1,20 kroner literen, seier han.

Fakta
Jordleige og bondeinntekt
* Leigefjorddelen i jordbruket har auka frå 30% til 44% på 15 år.
* Prisen har auka 33% for grasjord og 26% for kornjord sidan 2002.
* I totalalkylen, som skal vise inntektsutviklinga i jordbruksoppgjæret, er jordleiga ikkje kostnadsført.
* Kritikarar seier tala overvurderer inntektsauken til aktive bønder sidan det meste av jordleiga går ut av næringa. Budsjett-nemnda svarar at all jord er rekna å høyre til sektoren.

* Anslaga for total leigekostnad varierer frå ein halv til ein mrd. kr. Kjelde: Budsjett-nemnda for jordbruket (BfF)

JORDBRUKSOPPGJÆRET
Nasjonen følger jordbruksoppgjæret mellom bondene og staten som går føre seg fram til midten av mai. Følg også forhandlingane på nasjonen.no – sjå video og høyr podcast. Bruk #jordbruksoppgjæret i sosiale medium. Har du innspel? Send e-post: tips@nasjonen.no

Reknar leiga som intern

Jordleige blir ikkje ført som ein kostnad i totalalkylen sidan all jord blir rekna å høyre til sektoren, ifølgje sekretariatet til Budsjett-nemnda.

Avdelingsleiar i Norsk institutt for bioøkonomi (Nibio), Lars Johan Rustad, seier bakgrunnen for at jordleige ikkje blir ført som ein kostnad er at totalalkylen er meint å vere eit sektorrekneskap.

– Der reknar ein at all jord høyrer til sektoren og at jordleiga blir betalt mellom aktørar i sektoren, seier han.

Rustad viser til at totalalkylen blir brukt til å rekne ut inntektsutviklinga i jordbruksoppgjæret.

– Blir ikkje tala gradvis meir feil når utgiftene til jordleige aukar?

– Ja, viss målet er å vise inntekta til den aktive bonden, så er det eit poeng, men totalalkylen har ikkje det som einaste mål, seier Rustad.

Han seier at leige av mjølkekvotar og innleigd arbeidskraft heller ikkje blir ført som ein kostnad, men er postar som vederlaget skal godgjere.

– Kritikarar meiner jordbruksforhandlingane bør baserast på tal for aktive bønder?

– Det blir ein diskusjon om prinsipp. Om avtalepartane blir einige om ei endring, så vil vi tilpasse oss det, seier Rustad, som sit i sekretariatet for Budsjett-nemnda.



Sektorfar: Jordleiga er rekna å bli verande i sektoren, ifølgje Lars Johan Rustad i Nibio. FOTO: BJØRNE BEKKEHEIM AASE